


# **Kommunedelplan for kultur i Vinje kommune 2012-2021**

Del I, Visjon, Verksemdsområde, Særlege satsingar



**”Lev, vår draum. Ver alltid like ny”**

Bakgrunn for planarbeidet.....	3
Innleiing .....	7
Visjon.....	7
Verdival og grunnhaldning i KK.....	7
Demografi, kulturtilbod og aktivitet.....	7
Særtrekk .....	8
Innsatsområde i kommunedelplan for kultur i Vinje 2012-2021.....	8
<i>1 Kommunale kulturinstitusjonar, kulturverksemder og møtestader .....</i>	9
1.1 Bibliotek.....	11
1.2 Kulturskulen.....	11
1.3 Vinjehus, samfunnshus, grendehus .....	11
1.4 Andre kulturinstitusjonar og kulturarenaer .....	11
<i>2 Lag og organisasjonar – kunst og kultur for alle .....</i>	12
2.1 Friviljuge lag .....	14
2.2 Kulturårshjul .....	14
2.3 Store avstandar, - ei hindring eller mogleghet.....	14
2.4 Uterom som møtestad og kulturarena .....	14
<i>3 Kulturarv- kulturminne- identitet .....</i>	15
3.1 Kulturminne som kunnskapsbank .....	17
3.2 Kulturminneplan .....	17
3.3 Natur og kulturvandringar .....	17
3.4 Lokalhistorisk arkiv .....	17
3.5 Oppgangsaga i Fundlidbekken .....	17
3.6 Nystogsamlinga.....	17
<i>4 Regionalt kulturperspektiv.....</i>	18
4.1 Haukeliseterfestivalen og Litteraturdagane i Vinje .....	20
4.2 Vinjejubileum 2018, Vinjesenter .....	20
4.3 Vinjehuset regionalt kulturhus, sjå omtale p 1.3 .....	20
4.4 Retningsliner for utsmykking av offentleg rom, gåver og Estetisk plan for Vinje kommune .....	20
4.5 Kommunale kunstsamlingar-regionalt kunstmuseum, sjå omtale p 6.2 .....	20
4.6 Kulturfaglege institusjonar og kulturfaglege nettverk ein i dag samarbeider med eller deltar i : .....	20
<i>5 Rekruttering, stipendordningar og prisar, kompetanse i kommune og region.....</i>	21
5.1 Rekruttering - Kultur og idrottsstipend .....	23
5.2 Kunstnarstipend Øvre Telemark .....	23
5.3 Kunststipend Vinje .....	23
5.3 Kulturprisen .....	23
5.4 Kompetanse-kunnskap .....	23
<i>6 Særlege satsingar i planperioden som må greiast ut i eigne saker .....</i>	24
6.1 Kulturminneplan for Vinje kommune .....	26
6.2 Regionalt kunstmuseum for Vest Telemark .....	26
6.3 Språkåret 2013- språkleg mangfold.....	26
6.4 Vinjejubileum 2018, etablering av eit Vinjesenter for litterær kulturarv og samtidslitteratur.....	26
6.5 Kunstnarstipend i Vinje.....	26
6.6 Estetisk plan for Vinje kommune .....	26
.....	
<i>7 Risiko og suksess .....</i>	27
7 Risikoanalyse/kritiske suksessfaktorar .....	29
8 Suksessfaktorar .....	29
9 Milepælar som vil få noko å sei for arbeidet innom kunst og kultur.....	29

## **Bakgrunn for planarbeidet**

Kommunedelplan for kunst og kultur i Vinje (KK 2012-2021), trekker opp utfordringar, prioriteringar, og tiltak på kunst og kulturfeltet i komande 10 års periode. Kommuneplan 2007-2019 og Kulturlova 2007 er viktige grunnlagsdokument. Kulturlova 2007 er ei open og generell lov, men tydeleg på at det er eit offentleg ansvar, både lokalt, regionalt og nasjonalt, å legge til rette for kulturutøving og oppleving, og å gje kulturliv, lag og organisasjoner kjende ordningar og vilkår.

KK 2012-2021 er utarbeidd med heimel i Ny Plan og Bygningslov, §1-1 Formål med lova. KK 2012-2021 er utforma etter mal for prosjektplanar i Vinje kommune.

## **Oppstart, politisk forankring og organisering av planarbeidet**

Hausten 2009 tok rådmann initiativet til at det vart utarbeidd ein kulturplan. Planarbeidet vart politisk forankra i Oppvekst og velferdsutvalet (OVU). Ei arbeidsgruppe vart etablert forsommar 2010. Tilstede med fagansvar innom kultur, næring og idrett, og 2 representantar frå ONU var med i arbeidsgruppa. Ei referansegruppe har komi med innspel, og gjeve planarbeid og kultursatsinga eit vidare perspektiv. I løpet av planprosessen var det to folkemøte, det eine som framtidsverkstad, eit møte med ONU i form av framtidsverkstad, samtaler med fageiningar, nettverket Kulturårshjulet, lokale lag og regionale kulturinstitusjonar.

### **Arbeidsgruppe**

Utval for oppvekst og kultur	Gunvor Strømme, med Jon Rikard Kleven som varamann
Idrettsrådet	Jon Torvetjønn/Bjørn Kleiv
Leiar av eining for kultur	Signe Marie Kittelsaa
Kulturskulerektor	Anders Blystad
Ungdom og fritid, SLT og folkehelse	Åsne Vesaas
Bibliotek og litteratur	Bjørg Irene Abrahamsen
Kulturkonsulent	Tone Svalastog Garnes
Næringskontor	Gunn Larsen/Toril Nicolaisen

### **Referansegruppe**

Kulturfaglege institusjonar og organisasjoner som ikkje er reint kommunale, men som ein samarbeider med, er viktige kulturaktørar i kommune og region. Innspel frå deira fagleg ståstedar, deira "blikk" på kunst og kulturliv, oppgåver og aktivitetar, har vori viktig. Vest-Telemark Museum, Kyrkja i Vinje, Høgskolen i Telemark, og Raulandsakademiet har vori representert i referansegruppa.

### **Plangrunnlag**

KK 2012-2021 er utforma i trå med Kulturlova 2007 sine mål, Kommuneplan 2007-2019 sine verdival og innsatsområde, og intensjonar i St.meld. nr 48 "Kulturpolitikken fram mot 2014".

### **Oppbygging, Plan i tre delar:**

Del I. Visjon, verdival, innsatsområde 2012-2022, rullerast kvart 4. år i ONU.

Del II, Handlingsplan, strategi og tiltak. Rullerast kvart år i samband med årsbudsjett. Eining for kultur rapporterer kvart år til ONU og i dialogmøta.

Del III, Faktadel. Oversikt over lovverk, Stortingsmeldingar, Internasjonale konvensjonar, regionale og lokale planar, forskingsarbeid, vedtak og meldingar som vedkjem kunst og kulturfeltet. Må oppdaterast i takt med lovendringar som måtte koma, og nye meldingar som har fylgjer for kunst- og kulturarbeidet.

## **Mål med planen**

KK 2012-2021 skal vera ei rettesnor og styringsverktøy for politisk og administrativt nivå i Vinje kommune :

- Halde oppe visjonar, prinsipp og mål for det langsiktige kulturarbeidet
- Påverke tankevane, politisk og administrativt, slik at konkrete tiltak og val ein gjer vert strategiar for ei berekraftig utvikling av kunst og kultur i Vinje
- Innarbeide Kulturlova sine intensjonar i eigne kulturpolitiske plandokument

KK 2012-2021 skal vera det overordna plandokumentet for kultursektoren og handlar først og fremst om:

- Kunst og kultur for alle
- Kunst og kulturverksemder som er kommunens ansvarsområde
- Friviljug arbeid, tilrettelegging, praktiske og økonomiske ordningar
- Kulturårshjul, fleirårig avtalebasert samarbeid mellom kommune, private, lag og organisasjoner
- Nettverksbygging og samarbeid med kulturfaglege institusjonar i kommune og region som Vest-Telemark museum, Telemark kunstnarsenter, Kyrkja i Vinje, Høgskolen i Telemark, Statens Naturoppsyn, Nynorsk kultursentrum, Aasentunet, (Nasjonal faginstitusjon for språk og litteratur)
- Særlege satsingar i planperioden

## **Forhold til andre planar**

Fleire verksemdsområde har eigne planar. Dei vert berre kort omtala i KK 2012-2021. Slike planar er:

- Idrott og friluftsplan Vinje kommune 2010-2014
- Folkehelseplan (under arbeid)
- Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT), evaluerast i 2011
- Plan for Busetting og integrering av flyktninger, (eigen plan er under arbeid)

På tema som grip inn i andre einingars ansvarsområde, vil det i tiltaksdelen gå fram kven som delar ansvar. Arbeidsmåtar som sikrar samarbeid og kommunikasjon underveis på tvers av einingar, må avklarast og tilpassast kvar sak eller oppgåve.

## **Regionalt samarbeid innom kulturfaglege område**

Kulturfaglege fageiningar, tilbydarar og tilretteleggarar som ein i dag samarbeider med er: Vest Telemark Museum (VTM), Ungdomens kulturmönstring (UKM), Den kulturelle skulesekken (DKS), Telemark Kunstnarsenter (TKS), Telemark fylkeskommune, Rikskonsertane, Folkeakademiet. Samarbeidet med Teater Ibsen og Riksteatret vil ein ta oppatt i 2012 når Vinjehuset er ferdig opprusta. Når det gjeld reiseliv, er det i gang fleire kultur relaterte tiltak som Vidda Vinn, skilting av særlege kulturminne vidda rundt, og SNO er i gang med eit prosjekt for registrering av kulturminne på Hardangervidda. Berunutområdet og Raulandsallmenningen er særlege kulturminne og tilbod til innbyggjarane, og viktige område når det gjeld tradisjon for forvaltning av natur og kulturlandskap og tradisjonar innan jakt og fiske. Pilegrimsleia Røldal-Seljord går gjennom Vinje, kommunen er samarbeidspart på vandringar tilrettelagt for skule, helse.

## **Organisering av kulturarbeidet**

Eining for kultur har i alt 11,2 stillingar (2011):Einingsleiar 100%, Vinje kulturskule 5,1 årsverk fordelt på 9 lærarar samt rektor, biblioteka har 2 årsverk fordelt på biblioteksjef og 3 deltidstilsette, ungdoms- og fritidsleiar 80%, kulturkonsulent 80 %, lokalhistorisk arkiv 20 %, Vinjehuset kiosk og kjøkken 1,3 stilling.

## **Økonomi**

"Kulturløftet fram mot 2014" har gjeve kunst og kultur ei monaleg auke i statsbudsjettet. Nasjonalt mål er at innan 2014 skal kulturløvingane utgjera 1 % av statsbudsjettet.

Vinje kommune har hatt ei sterk satsing på kunst og kultur. I 2010 var kulturbudsjettet i Vinje 9.9 mill, i 2011 noko mindre, 8,7690 mill. I 2010 utgjorde kulturbudsjettet 4.4 % av kommunens årsbudsjett, og ligg litt over landsgjennomsnittet som i 2010 var 3.6 %. Andre Vest Telemark kommunar brukar noko mindre

enn Vinje, men har også færre aktivitetar og er utan eigen kulturadministrasjon. Vinje skil seg ut ved å vera den einaste kommunen i Vest Telemark som har ein eigen kulturadministrasjon.

Sjølv om kulturbudsjettet siste åra har gått noko ned, har ein halde støtta til lag, friviljug verksemd og det avtalebaserte samarbeidet (Kulturårshjulet) med lag, på om lag same nivå. Frie midlar til støtte til ulike private prosjekt, har gått monaleg ned. Tilskot til drift av lag, stipend og prisar utgjorde i 2010 vel 1 mill. KK 2012-2021 har som ambisjon å styrke satsinga på kunst og kultur.

### **Politisk handsaming**

Fyrste utkast til Plan skal leggast fram for OVU våren 2011, og leggast ut til off høyring 6 veker, justerast, og på nytt leggast fram for OVU i august. Kommunestyret fattar endelig vedtak i 2012.

Planen skal gjelde frå og med januar 2012 og ut 2021.

Dette er den fyrste Kommunedelplan for kunst og kultur i Vinje kommune.





## *Innleiing- Bakteppe- Særtrekk- Innsatsområde*

# Innleiing

## Visjon

**"Lev, vår draum. Ver alltid like ny".**

Visjonen er valt som eit uttrykk for

- Det å vera uthaldande
- Det å la seg utfordre
- Forventning til nyskaping på områda kunst og kultur

Sitatet "Lev, vår draum. Ver alltid like ny", er henta frå boka "Livet ved straumen" av Tarjei Vesaas.

## Verdival og grunnhaldning i KK

KK 2012-2021 er prega av tre grunnhaldningar:

- Kunst og kultur som eigenverdi for einskildmenneske og samfunn
- Kvalitet i tilbod og aktivitetar
- Breidde og mangfald i innhald og arbeidsmåtar

Det er i tråd med nasjonale føringar, lokale erfaringar, og funn i seinare forskingsarbeid som "Lokalt kulturliv i endring", Aagedal (2009), "Kommunal kultursektor i endring", Oddveig Storstad (2009), Arnestad (1995:131), dokument i saka.

Nasjonale føringar for arbeidet er uttrykt i St meld nr 48 (2002-2003) "Kulturpolitikken fram mot 2014":

"Et prioritert område er å holde fram den profesjonelle kunsten og faglig forankre kulturinnsatsen som en verdi i seg selv.

I tillegg blir kvalitet fremhevet som et avgjørende kriterium for et kulturtiltak skal være prioritert i den statlige kulturpolitikken. Det er viktig å legge forholdene til rette for bredden innenfor kulturlivet."

## Demografi, kulturtilbod og aktivitet

Folk i Vinje bur spreidd, mange er arbeidspendlarar, og Vinje har mange eldre innbyggjarar. Folketalet har gått litt ned siste åra, men i 2010 snudde dette og ein fekk ei lita auke.

Å legge til rette for kunst og kulturtilbod til alle i Vinje, med så spreidd busetnad, og med fleire bygdesentra, er annleis enn på stader der alt er konsentrert om eit senter.

Uavhengig av skiftande økonomiske tilhøve, har Vinje hatt mange skapande utøvarar på kunstfaglege område. Både når det gjeld litteratur, visuell kunst, kunsthåndverk og tradisjonskunst. Fleire utøvarar har merka seg ut både i region, nasjonalt og internasjonalt.

Små grender i Vinje med få faste innbyggjarar, er blitt pressområde når det gjeld fritidsinnbyggjarar. Fjellandsbyar og klynger av fritidsbustader har vokse fram, særleg i Rauland- og Vågslid områda. Mange fritidsinnbyggjarar er aktive brukarar av kunst og kulturtilboda, og nyt både kunstutstillingar, konsertar, turløyper, guida temavandringar, konsertar og messer. Det er uklart i kva grad kulturlovas mål om *kunst og kulturtilbod for alle*, også skal gjelde fritidsinnbyggjarane i kommunen, men som gode vertar, må romma våre, tilboda våre vera slik at dei og kjenner seg ynskte og velkomne både til å delta og vera del av.

Befolkinga er samansett. Flyktingar som har blitt busett siste 20 åra, og mange utanlandske arbeidstakrarar, gjer dette høyrleg og synleg, men det er ingen ny situasjon. Historia fortel at befolkning alltid har vori samansett. Folk har hatt brei kontakt med omkringliggende kommunar, fylke, og land og kulturar. Kulturminna våre fortel om produksjon og eksport av varer til land langt borte. Tradisjonskunst, både spel, song, bunad, sylv og vev avspeglar kontakt og påverknad frå land langt borte. Gravfunn viser

import av kostelege gjenstandar. Glas, perler, gjenstandar i metall og anna materiale fortel om velstand. Vinje var korkje isolert eller fattig, skriv A. Vinje (1996) i ”Kult og Kyrkje”. Kulturminna er vår kollektive minne- og kunnskapsbank. I KK 2012-2021 vil kulturav og konkrete kulturminne vera resurs og utgangspunkt for særlege prosjekt som bind saman fortid, notid, framtid.

## Særtrekk

- Kunst og kulturlivet i Vinje er prega av eldsjeler, stor dugnadsinnsats, mange aktive lag og organisasjoner
- Fleire i Vinje har hatt kunst og kultur som hovudnæring, eller i kombinasjon med andre yrke
- Variert og brei kulturkompetanse i lag og samfunn
- Mange utøvarar og personar med kunnskap om kunst og kultur og breitt kulturengasjement har ført til at mange har sterke meningar om kunst og kultur
- Profesjonelle kunst- og kulturutøvarar som gjer seg gjeldande både på regionalt og nasjonalt nivå
- Ein samla kulturaktivitet og kunstproduksjon som er større enn folketalet skulle tilsei
- Rik og mangfaldig kulturav, både innan litteratur og språk, song-spel-dans, folkekunst, handverk-tradisjonar og samtidskunst, men og når det gjeld naturforvaltning, jordbruk, jakt og fiske
- Mange og varierte kulturminne
- Kyrkjer med sær preg, kulturberarar både immateriell og materielle kulturav; både idé og tankegods, og som bygg, arkitektur, kunst og utsmykking og rituelle gjenstandar. Fleire kyrkjer står på stader som var kultstader før kristen tid, og knyter an til ritar og kultytringar frå før vår tidsrekning.

Det er viktig at kommunen ivaretar heile det kulturelle spekteret; frå idrett og friluftsliv, til musikk og visuell kunst, frå breidde til profesjonell utøving, frå oppleveling til sjølv å skape, frå kulturav til samtidskunst og nyare media, tekniske og digitale kommunikasjonsformer og uttrykk.  
Arbeidsfeltet er stort, og grip inn i mange andre einingars område.  
I KK 2012-2021 er oppgåvene samla gruppevis i seks innsatsområde.

## Innsatsområde i kommunedelplan for kunst og kultur i Vinje 2012-2021

- 1. Kommunale kulturinstitusjonar og verksemder**
- 2. Lag og organisasjoner - kunst og kultur for alle**
- 3. Kulturav- kulturminne- identitet**
- 4. Regionalt kulturperspektiv**
- 5. Kunnskap og kompetanseutvikling, rekruttering, stipendordningar og priser**
- 6. Særlege satsingar i planperioden 2012-2021**

Her i Del I av KK 2012 2021 fylgjer ei omtale av kvart av områda og retning for arbeidet vidare. Mål, strategiar og tiltak vert konkretiserte i Handlingsplanen, KK 2012-2021 Del II.



## *1 Kommunale kulturinstitusjonar, kulturverksemder og møtestader*

- *Vinje vil utvikle "kraftstasjonar" innan litterattur og språk, kunst-natur-kultur*
- *Bibliotek og Kulturskule er desentraliserte basisverksemder ein vil styrke og vidareutvikle*
- *Vinjehuset skal utviklast som regionalt kulturhus og lokal møtestad*
- *Kulturminne, kulturarv, kunstsamlingar og museum skal vera utgangspunkt for særlege prosjekt og satsingar*



## 1.1 Bibliotek

Vinje har eitt hovudbibliotek og to filialar kombinert med lokale skulebibliotek. Ein samarbeider med 5 skular. Biblioteka driv utlån, litteraturformidling og bibliotekopplæring for skuleklasser og barnehagegrupper, rettleiing for seniorar i datakunnskap, fjernlån for studentar og andre interesserte. Biblioteket hadde nedgang i både besøk og utlån i perioden 2005-2008. I 2009 snudde trenden. Tala har gått opp dei siste tre åra. Biblioteka driv litteraturformidling, er sosiale møtestader, kunnskapssenter og stad for læring. Folkebiblioteket i Åmot held til i leigde lokale.

## 1.2 Kulturskulen

Kulturskulen er lovpålagt gjennom opplæringslova §13-6. Kulturløftet II, p 4 omtalar kulturskulesatsinga:  
*"Kulturskole for alle barn som ønsker det."*

*Det skal gjennomføres et kulturskoleloft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi. Utvikling av et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytning til SFO/skole skal utredes. Det skal være rom for ulik lokal organisering av kulturskolen. Det skal legges til rette for synliggjøring av kulturskolen og for talentutvikling."*

Kjerneverksemda er desentralisert undervisning rundt om i kommunen. Undervisninga er i hovudsak individuell undervisning, men òg samspel. I dag vert det gjeve undervisning i gitar, fele, piano, fløyte, og teater. Intensjonen er å gje tilbod innan skapande skriving, visuelle kunstfag og dans, samt eit utvida tilbod i teater, i løpet av planperioden.

## 1.3 Vinjehus, samfunnshus, grendehus

Vinjehuset har status som regionalt kulturhus og skal utviklast i tråd med det. Korleis huset skal fylle den rolla, drift, organisering og administrativ tilkyting må greiast ut i eiga sak og handsamast politisk. Dei tre andre samfunnshusa er stader for bibliotek, kulturskule, skulerelaterte aktivitetar og lokale kulturaktivitetar. Grendehusa er viktig møtestader i små grender. Grendene eig husa og får ei lita årleg støtte til drifta.

## 1.4 Andre kulturinstitusjonar og kulturarenaer

Galleri og museum er primært fagsamlingar, men fleire egnar seg både til konserter og temasamlingar. Ifylge Avtale om konsoliderte museum, har VTM ansvar for drift og kunstfagleg ansvar for formidling av fylgjande muse og kunstsamlingar: Vinje Biletgalleri, Skinnarlandsamlingane, Dyre Vaa samlingane, Vinjestoga, Myllarstoga og Øyfjell bygdemuseum.

Andre viktige kulturarenaer som er drivne av lag, private eller faginstitusjonar, og som kommunen står eller samarbeider med, er: Rauland kunstforening, Vinje handverkslag/ Haugsæl, Haukeli Husflidslag, Galleri Straume, Øyfjell, Raulandsakademiet, Høgskolen i Telemark, Rauland.

Kyrkjene er møtestader som kommunen har eit delansvar for: kommunen har ansvar for økonomien, Vinje kyrkjelege fellesråd står for drifta.

Idrettsanlegg, skiløyper, skytebanar, merka turløyper er viktige kulturarenaer og møtestader utomhus.



## *2 Lag og organisasjonar – kunst og kultur for alle*

- Ein vil sikre "alle" innbyggjarane eit variert kunst og kulturtilbod ved samarbeid mellom det offentlege, private, lag, organisasjonar og kulturfaglege institusjonar i kommune og region
- Vinje kommune vil legge til rette for lag og friviljug verksemd
- Lag, organisasjonar og samarbeidspartar skal ha kjende vilkår
- Kulturårshjul er eit avtalebasert samarbeid ein vil vidareutvikle



## 2.1 Friviljuge lag

Kommunen gjev støtte til drift av lag på fleire måtar:

- Tilskot til drift av lag etter søknad. Lag med aktivitet retta mot barn og unge vert prioriterte
- Indirekte støtte til lagsdrift ved at kommunale hus er gratis å bruke for laga til møteverksem og tilskipingar med fritt tilgjenge
- Tilskot til idrettslag og eldresenter etter politiske vedtak
- Fleirårig avtalebasert tilskot eller underskotsgaranti til større, årvisse tilskipingar (Kulturårshjulet)

## 2.2 Kulturårshjul

Kulturårshjulet er eit samleomgrep for ei rekke årvisse tilskipingar med fast avtalt tiltak og støtte. Ordninga er basert på treårige intensjonsavtaler med lokale og regionale kulturaktørar og institusjonar. Formålet er å:

- Fremje langsiktig planlegging av kulturaktivitetar
- Skape rom for utvikling
- Fremme samarbeid mellom kommune og kulturaktørar
- Fremme samarbeid mellom kulturaktørane
- Sikre breidde i tema og innhald
- Utvikle kulturbasert aktivitet til ulike aldres-og interessegrupper
- Sikre geografisk spreiding av tilskipingar i kommunen

I perioden 2011-2012-2013 har 11 partar slik avtale: Folkemusikkscena på Rauland, Vinterfestivalen, Høgskolen Rauland, Rauland Kunstforening, Vinje Handverkslag, Vinje kyrkjelege fellesråd, Vinje Folkeakademi, Prostidiakonatet i Vest-Telemark, Snoformingsfestivalen, Litteraturdagane i Vinje, Haukeliseterfestivalen, Natur og kulturvandringane i Vinje. Sistnemnde er eit avtalebasert samarbeid med 11 grendelag, idrettslag, og faginstitusjonar.

## 2.3 Store avstandar, - ei hindring eller mogleghet

Vinje har store avstandar. Avstandar betyr mellomrom. Avstandar kan vera hindringar, men mellomroma er og stad for oppleving, aktivitet og ettertanke. Skiløyper, renn og turvegar, kulturlandskap og allmenningar, vassfar og jakthytter er stader med lang tradisjon for samvær, samhandling, og kulturopplewingar. Dei store opne roma har særeigne kvalitetar som vid horisont, stor stjernehimmel, og fråver av lyd- og lysforureining.

## 2.4 Uterom som møtestad og kulturarena

Prosjekt som Haukeliseterfestivalen, Pilegrimsleia Seljord-Røldal, dei årvisse Natur og kulturvandringane, er aktivitetar som dels vidarefører dels revitaliserer gamle tradisjonar for samvær og møte. Dei fører fastbuande og tilreisande saman, er viktige satsingar for å oppnå breidde, kvalitet og mangfold innom kunst og kulturtildoda.



*"til lenger attende du kjenner røtane dine, til lenger inn i framtida kan du nå", fritt etter kinesisk ordtak*

### ***3 Kulturarv- kulturminne- identitet***

- Registrere kulturminna i kommunen
- Utarbeide ein kulturminneplan
- Gjera eit utval av kulturminna tilgjengelege for innbyggjarar og tilreisande
- Integrere innvandra kultur i ulike prosjekt og samanhengar
- Bruke kulturminna som minnebank og viteresurs, vera resurs i verdiskaping og forskingsprosjekt
- Kulturminne skal integrerast i prosjekt i Den Kulturelle Skulesekken i barnehage og skule
- Kulturminne skal inngå som integrerte element i stadutviklingsprosjekt, og reiselivsprosjekt
- Kulturlova definerer kulturminne som "alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, medrekna lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til."



### **3.1 Kulturminne som kunnskapsbank**

Kulturminna er vårt kollektive minne, ein lokal viteresurs og kunnskapsbank. I samarbeid med andre kommunale einingar og faginstitusjonar i regionen, som VTM, HiT, Nynorsk Kultursentrum, Kyrkje, vil ein initiere prosjekt som tar utgangspunkt i konkrete kulturminne og kulturarv, td.kunstsamlingar og galleri, Vinjestoga, Vandraren Vinje, Oppgangssaga i Fundlidbekken, Myllarstoga, Pilegrimsleia Seljord-Røldal, forteljingar knytt til stader dei årlege Natur og kulturvandringane går.

### **3.2 Kulturminneplan**

Kulturminna i Vinje er mange og variererte. Ein del område og einskildfunn er registrert dels av kommune i samband med utbyggingar, dels av private og lag, men ein har ingen samla oversikt, og fleire stader er få funn registrert. Eit prosjekt for registrering av kulturminne på Hardangervidda, primært nasjonalparkområdet, pågår. SNO har ansvar for det. Ein samla oversikt over kulturminna i kommunen, ville gje eit godt grunnlag for forvaltning av kulturminna, og vera eit nyttig verktøy for sakshandsamarar. Truleg ville ein kulturminneplan også vekke interesse og forståing for kulturminnefeltet blant innbyggjarar og tilreisande.

### **3.3 Natur og kulturvandringar**

Dei årlege Natur og kulturvandringane er eit samarbeid med lag og organisasjonar. Vandringane er temabaserte. Ei form for gjenforteljingar av stader, hendingar, handlingar frå vår nære fortid slik at vandringane får ei utvida meinings, og for at stader og hendingar ikkje skal gå ut av minnet. Delar av dette er samla og utgjeve i bokform av historielaga. Mange stadforteljingar er framleis berre munnleg tradert.

### **3.4 Lokalhistorisk arkiv**


Lokalhistorisk arkiv er lokalisert til Raulandsakademiet. 126 private arkiv er registrert. Arkivet har og ei stor samling foto. Mange bøker er deponert ved arkivet, men ein har mangla resursar til å registrere alt. Telemark museum har sett i gang eit prosjekt for å greie ut framtidig drift av lokalhistoriske arkiv i fylket. Framtida til Lokalhistorisk arkiv på Rauland, vil bli drøfta og avklara i den samanhengen.

### **3.5 Oppgangssaga i Fundlidbekken**

Saga er listeførd og står på Telemark fylkeskommune si liste over fredningsverdige anlegg i Telemark. Saga vart sett opp i 1826, var i bruk fram mot 1950-talet, og vart gjeven til Vinje kommune i 1982. Vinje kommune eig sag og anlegg, og har tinglyst rett til eit høveleg bruksareal. Hausten 2010/våren 2011 har sag og anlegg gjennomgått ei omfattande vøling. Saga skal vera formidlingsklar sommar 2011. Gjevarane ynskte at ålmenta skulle ha tilgang til saga, og kommunen vil legge til rette for det. I samarbeid med Rauland historielag vil det ein gong i året bli skipa til ein temadag.

### **3.6 Nystogsamlinga**

Nystogsamlinga vart kjøpt av Vinje kommune i 1987 på dødsbuauksjon etter Olav Nystog i Mannås. Samlinga stor og samansett, i alt 450 gjenstandar. Ein del er stilt ut, noko er på utlån. Ein treng ein ny vurdering av plassering og lagring og gjera samlinga tilgjengeleg på nett.



## *4 Regionalt kulturperspektiv*

- *Litteraturdagane i Vinje og Haukeliseterfestivalen er regionale satsingar ein vil vidareutvikle*
- *Vinjesenter 2018, for vitelyst, språkleg og litterær kulturarv og samtidslitteratur*
- *Vinjehuset skal utviklast både regionalt kulturhus, kommunens storstoge og lokal møtestad*
- *Ein vil vidareføre samarbeidet med dei regionale samarbeidspartane ein i dag har, og revitalisere samarbeidet med Teater Ibsen og Riksteatret*
- *Kommunale bygg skal ha kunstnarleg utsmykking av høg kvalitet*
- *I planperioden utarbeidast ein Estetisk plan for Vinje kommune*
- *Ei samlokalisering og formidling av gamle samlingar og samtidskunst vil bli vurdert utvikla til eit Regionalt kunstmuseum for Vest Telemark*



#### **4.1 Haukeliseterfestivalen og Litteraturdagane i Vinje**

Haukeliseterfestivalen er ei stifting. Kommunar og fylkeskommunar er stiftarar. Styret har ansvar for drifta, og har tilsett dagleg leiar i 20 % stilling.

Litteraturdagane er eit medlembasert lag. Styret har ansvar for innhald og gjennomføring av dei årlege Litteraturdagane i Vinje. Kultursjefen er sekretær. Båe er regionale satsingar ein vil vidareutvikle.

#### **4.2 Vinjejubileum 2018, Vinjesenter**

Vinjesenter for språkleg og litterær kulturarv og samtidslitteratur, er ei satsing KK 2012 -2021 initierer i samband med at det i 2018 er 200 år sidan A.O.Vinje vart fødd, sjå omtale p 6.4

#### **4.3 Vinjehuset regionalt kulturhus, sjå omtale p 1.3**

#### **4.4 Retningsliner for utsmykking av offentleg rom, gåver og Estetisk plan for Vinje kommune**

Vinje kommune har vedteke Retningsliner for utsmykking av offentlege bygg og uterom. Det gjev kommunen høve til å søkje statleg støtte til utsmykking ved nybygg og rehabilitering av kommunale bygg og uterom. Kunst i offentlege rom (KORO) administrerer ordninga. Utsmykkingar gjev profesjonelle kunstnarar i regionen oppdrag og arbeid. I 2011 fekk Vinje støtte til utsmykking av Vinjehuset, og til å førebu kunstprosjekt ”ORD-URO-BROT-BRU” i samband med Språkåret 2013. Retningsliner for utsmykking, rår til at det vert utarbeidd ein Estetisk plan for Vinje kommune, sjå omtale p 6,5.

#### **4.5 Kommunale kunstsamlingar-regionalt Kunstmuseum, sjå omtale p 6.2**

Vinje har sterk tradisjon for profesjonell kunstutøving og formidling av samtidskunst. Rauland kunstforening, Vinje Handverkslag og Haukeli Husflidslag og Raulandsakademiet er lokale lag som på ulike måtar vidarefører og satsar på dette i dag.

Kombinasjonen av lokalt engasjement for formidling av samtidskunst, og at Vinje eig eldre kunstsamlingar som treng omplassering, gjer ei særleg satsing på formidling av eldre kunst saman med samtidskunst aktuell, sjå omtale i p 6.

Vinje Biletgalleri er eit av få moderne monumentale bygg i Vinje. Stad, arkitektur, og kunstsamlingane bygget hyser, er tre element som utfyller kvarandre og styrker kvarandre gjensidig som stad for kunstformidling. Ei hytte, to små gamle lafta bygningar, som er i ferd med å bli sett i stand, bind moderne arkitektur til tradisjonell byggeskikk, og gjer Vinje Biletgalleri som egna stad for ulike kunst- og kulturfaglege temasamlingar, temavandringar, intimkonsertar.

#### **4.6 Kulturfaglege institusjonar og kulturfaglege nettverk ein i dag samarbeider med eller deltar i :**

Vest Telemark Museum, (VTM), Ungdomens kulturmønstring , (UKM), Den kulturelle skulesekken, (DKS), Telemark kunstnarsenter (TKS), kunstnarstipend i Vest Telemark og rådsorgan for utsmykkingssaker, Høgskolen i Telemark, Teater Ibsen, Riksteatret, Folkeakademiet som viktig tilbydar av eit breitt spekter av kunst og kulturprogram, Rikskonsertane, Vest Telemark Bibliotek, Kulturskulerådet, Telemark kulturnettverk.



## *5 Rekruttering, stipendordningar og prisar, kompetanse i kommune og region*

- *Stipend og priser skal rekruttere og verdsette utøvarar, og stimulere til kunst og kulturutøving*
- *Kunststipend til profesjonelle utøvarar i Øvre Telemark*
- *Kunnskap og kompetanse skal sikre kvalitet i det praktisk arbeidet, sikre kvalifisert rådgjeving til publikum, og kvalitet når det gjeld planar*
- *Styrka kunstfagleg kompetanse eller tilgang på dette i kommune/region*
- *Styrka kompetanse på bygningsvern og rådgjeving i kommune/region*



## **5.1 Rekruttering - Kultur og idrottsstipend**

Kunst og kulturstipend skal gje fleire lyst til å vera utøvarar og verdsette unge utøvarar. Ungdom mellom 16-25 år som er busette i Vinje kommune, kan søkje stipend. Det er to stipend kvar på kr 25 000. Tildelinga skjer på Ungdomens kulturmønstring (UKM). Det skaper blest om ordninga, noko å strekke seg etter, og personar å sjå opp til.

## **5.2 Kunstnarstipend Øvre Telemark**

Telemark kunstnarsenter (TKS) tok i 2011 initiativet til eit kunststipend på kr 10 000 for profesjonelle utøvarar i Øvre Telemark. Telemark kunstnarsenter lyser ut og tildelar stipenda. Ordninga er basert på tilskot frå kommunane, kr 2000 i året.

## **5.3 Kunststipend Vinje**

Eit eittårig større kunstnarstipend i Vinje med bustad og arbeidsplass, bør drøftast i samband med utvikling av Vinjesenter 2018 og Regionalt kunstmuseum for Vest Telemark, Rauland, sjå p 6.

## **5.3 Kulturprisen**

Kulturprisen vart oppretta i 1985, og har blitt utdelt kvart år. Prisen er på kr 10 000 og ein diplom av profesjonell kunstnar. Kulturprisen er ei konkret påskjønning, pengane er ikkje hovudsaka.


## **5.4 Kompetanse-kunnskap**

Kva kompetanse lokal kulturadministrasjon og andre einingar i kommune bør ha, må balanserast mot mål og plan for arbeidet, og mot det å vera ein likeverdig samarbeidspart for publikum og faginstitusjonar i regionen. Det er viktig å sjå samla kompetanse i regionen under eitt, slik at ein utfyller og innbyrdes styrker kvarandre.

Dei mange kunstsamlingane kommunen eig, og formidling av desse, gjer at vi treng å styrke den kunstfagleg kompetansen i kommune og region. Dei mange gamle bygg, både verna og listeførde, både i privat og kommunal eige, gjer at kommune kommune/region treng auka kompetanse og resurs til oppgåver knytt til kulturminne, kulturvern. Kompetanse og oppgåver på desse områda bør ver tema når ny avtale om konsoliderte museum skal vurderast i 2013.

Telemark kunstnarsenter, VTM, og HiT er fageiningar på desse områda i vår region. Tilsette og studentar ved HiT og VTM bør, når det er råd, trekka inn i aktuelle prosjekt.

Rauland Kunstforening, Vinje Handverkslag, Haukeli Husflidslag og er medlembaserte interesselag for kunst og kultur som kommunen står og samarbeider med.



## *6 Særlege satsingar i planperioden som må greiast ut i eigne saker*

- *Utarbeide Kulturminneplan for Vinje kommune*
- *Styrka kunstfagleg kompetanse, samlokalisering av eldre kunst og samtidskunst i eit Regionalt kunstmuseum*
- *Vinjesenter 2018. Eit vitesenter for språkleg og litterær kulturarv og samtidslitteratur, forteljing, språkleg mangfold og vandring, fysisk og litterært*
- *Språkleg mangfold omsett i kunstprosjektet "ORD-URO-BROT-BRU"*
- *Utarbeide Estetisk plan for Vinje kommune*

## **6.1 Kulturminneplan for Vinje kommune**

Kulturminna i Vinje er mange. Ein del er registrert av lag og einskildpersonar. Ein del er registrert i samband med utbyggingar. SNO er i gang med å registrere kulturminne på Hardangervidda. Ein samla oversikt er nødvendig for å kunne prioritere kva ein vil særleg framheve, og for å bruke dei som resurs inn i ulike prosjekt. I 2012 vil det bli lagt fram eiga sak som gjer greie kva resursar eit slikt arbeid vil krevje.

## **6.2 Regionalt kunstmuseum for Vest Telemark**

Vinje eig kunstsamlingar som treng omklassering. Rauland Kunstforening driv formidling av samtidskunst. Eit regionalt kunstmuseum for Vest Telemark, ville vera ei samlokalisering av eldre samlingar med samtidskunst. Det ville gje barn og unge, ”alle”, møte med kunst som kan stimulere kritisk tenking, nære personlege eigenskapar, og utvikle estetisk preferanse. Prosjektet er aktuelt i siste del av planperioden .

## **6.3 Språkåret 2013- språkleg mangfald**

Ein har byrja føre samtal med Nynorsk Kultursentrum, VTM og nærstyret for Vinjestoga om prosjektet ”ORD-URO-BROT-BRU”. Prosjektet er fysisk forankra i Vinjestoga og åtte broer av ulik materiale og alder i Vinje skulekrins. Bru som fysisk gjenstand, som gjer kontakt mogeleg, og ord som bru menneske mellom, er sentrale idear. KORO/URO støtta forprosjekt i 2011. Ein søker eksterne midlar til hovudprosjekt i 2012, med mål om oppstart 2013. Prosjekt vil bli utvikla vidare i samarbeid med Nynorsk kultursentrum, VTM, nærstyret for Vinjestoga m fl og gå over fleire år.

## **6.4 Vinjejubileum 2018, etablering av eit Vinjesenter for litterær kulturarv og samtidslitteratur.**

I samband med Vinjejubileet 2018, har ein byrja føre samtal med Nynorsk kultursentrum om å etablere eit Vinjesenter i 2018. Eit Vinjesenter vil bli sett i eit trekantsamband mellom Aasentunet og Hauge-senteret i Hardanger. Senteret vil ha to hovudfokus:

- Språkleg og litterær kulturarv kopla opp mot skapande litterært arbeid i dag i ulike former
- Vandrar A.O.Vinje

Ein vil eit senter som kan stimulere interessa for språk, teikn, skrift, forteljing og kommunikasjon. Eit vitesenter som kan initiere nybrotsarbeid innan litteratur, omsetjingar, i sosiale media og i kunstprosjekt. Kommunikasjon er ord på vandring. Vandring er naturleg link til Pilegrimsveg, og andre regionale og nasjonale tradisjonar for vandring. A.O.Vinjes fasinasjon av nyvinninga jernbanen, er aktuell link til samferdselsproblematikk i dag.

## **6.5 Kunstarstipend i Vinje**

I samband med satsingane på litteratur og kunst, bør det vurderast å opprette eit kunstarstipend i Vinje med bustad og arbeidsplass, td. ein verkstad for grafisk arbeid. Det ville vera viktig resurs for utøvarar i kommune og region og for skular og kulturskule.

## **6.6 Estetisk plan for Vinje kommune**

Vinje kommune har gjennomført fleire avgrensa stadutviklingsprosjekt, men har ingen heilskapleg plan for korleis Vinje estetisk ynskjer å presentere stader, grender, stoppestader, kommunesentrum for tilreisande og innbyggjarar. KK-2021 legg opp til at det vert utarbeidd ein Estetisk plan for Vinje kommune. Vedlikehald og stell av mindre parkliknande område kring samfunnshus, museum, galleri, kyrkjer og andre kulturminne, statuar og informasjonspunkt ville vera naturleg del av ein slik plan.



## *7 Risiko og suksess*

- *Om ein lukkast i å realisere prosjekta, er i stor grad avhengig av kva rolle politikarane vil at Vinje skal ha eller ta i regionen på det kunst og kulturfaglege området i framtida*
- *For å gjennomføre prosjekta, er ein avhengig av eksterne midlar, eksterne samarbeidspartar, og at satsingane passar inn i deira faglege prioriteringar*



## 7 Risikoanalyse/kritiske suksessfaktorar

Prosjekt og satsingar nemnde i p 6 knyter det seg stor spenning og usikkerhet til. For å gjennomføre dei treng ein resursar. Prosjekta er komplekse og må greiast ut i eigne saker og handsamast politisk. Om ein lukkast i å realisere prosjekta, er i stor grad avhengig av kva rolle politikarane vil at Vinje skal ha eller ta i regionen på det kunst og kulturfaglege området i framtida.

For å gjennomføre prosjekta, er ein også avhengig av eksterne samarbeidspartar, og at satsingane passar inn i deira faglege prioriteringar.

## 8 Suksessfaktorar

Suksessfaktorar er knytt opp til i kor stor grad ein lukkast i å oppnå å gjennomføre dei konkrete prosjekta og tiltaka i planen. om ein lukkast i å finne fram til gode samarbeidspartar økonomisk og praktisk.

## 9 Milepælar som vil få noko å sei for arbeidet innom kunst og kultur

Hovudaktivitetar	Når	Oppgåve/kva bør gjerast	Ansvar
Vedta Kommunedelplan for kultur i Vinje 2012-2021	2012	Politisk sak	Leiar av eining for kultur og rådmann
Kulturminneplan framtidig drift av Vinjehuset, eiga sak	2012	Politisk sak	ØPU/eining for kultur
Den Norske Turistforening 100 år	2012		Leiar for Eining for kultur/ØPU
Språkåret 2013	2013		Eining for kultur
Regionalt kunstmuseum , eiga sak	2015-2021	Politisk sak	
Avtale om konsoliderte museum, ny avtale	2013		Rådmann
Grunnlovsmarkering	2014		
Vinje jubileum 2018	2018	Politisk sak 2014	Rådmann
Vurdere lokalisering av Vinje folkebibliotek på lengre sikt		Politisk sak	Biblioteksjef



## *Retning for arbeidet vidare*

- Vinje kommune vil vidareføre ein open og heilskapleg kunst og kulturpolitikk prega av breidde, kvalitet og mangfold
- Kunst og kultur skal ha vekstvilkår i kraft av sin eigen verdi
- Kunst og kultur skal vera viktige element inn i identitetsbyggande prosjekt på område som næring, reiseliv, oppleveling
- Kulturminna skal vera kjelder for nyskaping, ny viten som bind fortid-notid-framtid sammen
- "Alle" i Vinje skal ha tilgang til kunst og kulturopplevingar av god kvalitet. God tilrettelegging og godt samarbeid mellom kommune, lag og organisasjoner er ein føresetnad for oppfylle dette
- Utøvarar skal ha arenaer både til å skape og å formidle ulike kunst- og kulturuttrykk
- Kunst og kultur skal bidraga til å føre folk saman, utvikle fellesskap og samkjensle, og få fram eigenart
- Vinjehuset skal drivast som regionalt kulturhus og lokal møtestad
- Særlege prosjekt som skal greia ut eller takast stilling i planperioden er: Kulturminneplan, kunstprosjektet "ORD-UCH-BROT-BRU", Regionalt kunstmuseum på Rauland, Vinjesenter 2018, Vinje Kunstarstipend, Estetisk plan for Vinje kommune.